



Arkivnr: 2014/10506-2

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

## Politisk organisering i Hordaland fylkeskommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015

### Bakgrunn for saka:

Måndag 14. september 2015 skal det haldast nytt fylkestingsval. I denne samanheng kjem nokre av fylkeskommunane til å sjå på, og kanskje endra, den politiske organiseringa i forkant av valet. Med bakgrunn i dette kan det vera nyttig at kontrollutvalet kjem med nokre innspel til fylkestinget i høve val av nytt kontrollutval, for å sikra eit best mogleg funksjonelt kontrollutval.

Kontrollutvalet gjorde difor slikt vedtak i møte 23.3.2015:

*«Kontrollutvalet ber om at sekretariatet i neste møte legg fram ei sak om å få vara i rekkefølge til kontrollutvalet frå neste valperiode.»*

### Drøfting:

Ved val av vararepresentantar til kontrollutvalet er det vanleg å nytte forholdsval, jf. m.a. dette i kommunelova:

§ 37. Forholdsvalg – valgoppgjøret

4. Hver liste skal såvidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer, med et tillegg av to. Varamedlemsplassene fordeles ved fortsatt opptelling på samme måte som bestemt for medlemmene i pkt. 2 og 3 ovenfor.

For å få best mogleg kontinuitet i arbeidet i kontrollutvalet, vil ein kunna argumentera med å velja ei løysing med vara i rekkjefølgje. Då vil det som regel vera same personen som stiller i dei møta det er behov for vara. Det er i tilfelle ein føresetnad at fylkestinget gjer samrøystes vedtak. Reglane for dette går fram av kommunelova m.a. slik:

**§ 38 a. Avtalevalg**

2. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.

**Konklusjon:**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet foreslår for fylkestinget i Hordaland fylkeskommune at det i neste valperiode vert vald vara i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.

**Forslag til innstilling**

Varamedlemmer til kontrollutvalet skal frå neste valperiode veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*